

Høckelien – Hauklia (gnr. 127)

Høckelien: Gardnamn som sikkert ikkje kjem av høg, men av hauk. Skrivemåten av namnet har vore ustø og med fleire ulike avvik.

Garden finst først nemnt i matrikkelen av 1660 og var da eit sjølstendig gardsbruk. Landskylda av bruket var sett til ½ hud eller 20 merker smør. Eigarar av garden var da Erich og Christian Fliflet, men det var ein Hans som var brukar i Høckelien. Av andre opplysningar om garden er oppgitt at buskapen av store husdyr var 1 hest og 5 naut, og at korntienda vart utreidd med ¾ tønne, som altså svara til ei årsavling på 7-8 tønner. Vidare er det oppgitt at garden ”liger till fieldtz,” og at åker og eng var ”gandsche schrien”. Hauklia hadde likevel alt da seter og sommerbeite til krøtera på ”Rycha Setter”, Ruka.

Ti år seinare var i 1678 Hans Høckelien framleis brukar på garden, og han svara da den utlikna leiglendingeskatten med 1 rd. 1 mark. Av andre kjelder går det elles fram at brukaren egentleg heitte Hans Syversen, og han var da 42 år.

I denne tid var det dessutan ein annen familie som budde i Hauklia og brukte dette namnet som familienamn. Det var ektefolka Holm og Kirsten Hauklia, som hadde 5 born. – Men i 1687 var husmora Kirsten Christensdtr. død, og det var skifte på ”Høglien i Faaberg”. ved dette skiftet utgjorde arvebuet omrekn i pengar 52 rd. 2 mark, og arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen, dei 5 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Gullik, 2. Ellen, 3. Ingeborg, 4. Guri, 5. Anne. Ein merker seg her den villeidande skriveforma av namnet: ”Høglien”, som snart var nokså vanleg.

Av eit skjøte frå 1719 går det fram at garden Hauklia da var delt i to like store bruk, kvart på 3 skinn, og at Ellen Holmsdtr. Hauklia da var gift med Lars Olsen Gilleberg, og Anne Holmsdtr. Hauklia var gift med Knut Olsen Mo. Ei sak om Hauklia frå denne tid gir elles fleire opplysningar om garden, og vi tek her med ei utskrift av saka etter tingboka: ”Høckelien i Fåberg. Tollersrud i Fåberg 15. febr. 1723.

Sergeant Simen Poulsen Tolstad (på Fliflet) har innstevnt Gullich Høckelien ang. den halve del av Høckelien, 3 skind, som citantens hustru eier og som innstevnte hittil ubøkslet har brukt mot avgift. Partene kom til mindelig forening således at Gullich Høckelien herefter skal svare Simen Poulsen 1 ½ rd. i årlig avgift av de 3 skind som tilhører ham. Den halve del av husværet som Tollef Larsen besidder skal sergeanten ha rådighet over etter eget behov. 1/5 av sæterløkken som hittil har været felles for Fliflet og Høckelien skal herefter følge Gullich med hva videre sergeanten vil unde ham å innlegge. For øvrig forplikter Gullich sig til ikke å hugge i skogen til uplikt.”

Ein merker seg her at denne saka er frå den tid da Tollersrud var tingsted i Fåberg. Ein har elles ei kjensle av at Gullik Hauklia måtte vera ein godforsegkar, som greidde seg godt sjølv i denne rettssaka.

År 1723 kom og det nye matrikkelframlegget med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om ”Høckelien” fortalt at garden ligg nok i baklia, og at den var tungbrukt og ”noget koldlent”. Men der var skog til brenneved og gjerdefang, og utslåtter til 1 lass høy. Høyavlinga i det heile utgjorde kring 11 lass høy, og husdyrhaldet var da 1 hest, 10 naut og 12 sauer, og den årlege utsæden av korn var 2-3 tønner.

I 1725 var det atter ei rettssak om Hauklia, og da mellom Monsr. Erland Stenersen og sonen Gullich Holmsen, og serleg gjaldt det da odelsretten til Hauklia, men saka vart inntil vidare

utsett. – Tre år seinare var i 1728 Gullich Holmsen død, og det var atter skifte på Hauklien i Faaberg. Ved dette skiftet var jordegodset Høkliden av skyld 3 skinn medrekna i buet, som da utgjorde brutto 162 rd. og netto 81 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Randi Knudsdr., dei to borna i ekteskapet. Av dei var Holm Gulliksen da 26 år, og søstera Kirsti Gulliksdr. var 29 år. – Året etter hadde i 1729 Holm Gulliksen fått heimel på garden, og han gav da skjøte til Simen Poulsen og arvingar på ”den halve del, nemlig 3 skind i Ødegården Høckelien i Fåbergs prestegjeld for sum 120 rd.” – Men i 1731 gifta Holm Gulliksen seg med Sønnøv Christensdr. n. Jørstad og fekk der mangt og mye mellom hender.

Hoppar vi så tjuge år fram i tida, så var det i 1751 bygdelensmann Simon Poulsen Fliflet som hadde heimel på heile Hauklien gard, men han gav da det skjøtet som etter utskrift av tingboka er sålydande:

”Høchelien. Skjøte dat. 22. febr. 1751 tgl. 23. febr. s.å.

Fra Simon Poulsen Fliflet bøgdelensmann i Fåberg prestegjeld til Holm Gulliksen Nordre Jørstad og hustru og arvingar på hans eiende gårdsplads Høkelien her sammesteds beliggende og skyldende 6 skind for sum 254 rd. Gården Høkelien med alle sine pertinencer undtagen seterløkken som følger Fliflet, i hvis sted en ny seterløkke av kjøperen kan opryddes, skal føle og tilhøre Holm Jørstad med arvinger til ugjenkaldelig odel, arv og eiendom.”

Av like stor interesse er eit skjøte av 1753, som etter utskrift har denne ordlyden:

”Høkelien. Skjøte dat. 16. april 1753 tgl. 18. juni s.å.

Fra Holm Gulliksen Jørstad av Fåberg prestegjeld til Svend Tollevsen Svenskerud og hans arvinger på ¼ part av hans ved skjøte av 22. febr. 1751 hjemlede gård Høkelien av skyld 6 skind, nemlig 1 ½ skind med bøxel, som består i hans hittil brukende plads Svenskeruds sedvanlige aker og eng, tillikemed ¼ part i gårdens hjemhage, samt ¼ del i all gårdens anden utraster med sæter på Rugen, hvorfor han har betalt 90 rd., dessuten påtatt sig å svare ¼ av hele gårdens skatter, tiender, tolder og utgifter, ordinære og ekstraordinære som er og blir påbudne, så vel til presten som alle andre uten all excepton og forbeholdenhet.”

Namnet på den fjerdeparten av Hauklien som det her gjeld, Svenskerud, kan tyde på at ein svenske har rydda der.

Seks år seinare er Holm Gulliksen kalla landkrømmer Holm Gulliksen Jørstad, og han bygsla da dei ¾ partane av Høkelien til Morten Engebretsen på ”Leilendingsvis etter loven”, men denne bygsla vart snart etter overtatt av Ole Olsen Ellingsberg. Etter atter 10 år selde så Holm Gulliksen i 1770 denne parten av Hauklien, Hauklien av skyld 4 ½ skinn, til lensmann i Gausdal, Poul Simensen Vold, som samtidig skjøta dette Hauklien til Ole Olsen Lien i Fåberg.

Ole Olsen Lien hadde så Hauklien av skyld 4 ½ skinn til han døde i 1774, berre 44 år gamal, og den 19. april 1778 var det atter skifte på ”Hauklien i Faaberg”. Ved dette skiftet var jordegodset i buet, Hauklien av skyld 4 ½ skinn, taksert til 412 rd., og buet utgjorde brutto 509 rd. og netto 105 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka Anne Olsdr., dei to borna i ekteskapet. Om dei er det opplyst at dottera Rønnaug Olsdr. Hauklien da var trulova med Lars Olsen Fagstad, og at søstera Gunil Olsdr. også var ugift. Av ei anna kjelde går det elles fram at alsrd Olsen Fagstad samtidig fekk skjøte på grd. Hauklien av skyld 4 ½ skinn for kjøpesum 412 rd. + føderåd til vermora Anne Olsdr.

På Hauklien av skyld 1 ½ skinn, også kalla Svenskerud, var det i denne tid Hans og Ingeborg Svenskerud som var brukarfolk, og dei fekk mange born. Det var: 1. Marit f. 1775, 2. Ole f.

1777, 3. Marthe f. 1790, 4. Svend f. 1783, 5. Ingrid f. 1786, 6. Halvor f. 1788. – Men også på Svenskerud var det uvisst med odelsretten, og lensmann Poul Simensen Vold selde i 1770 odelsretten på plassen Svenskerud for sum 60 rd. Fire år seinare var det i 1774 Svend Tølløvsen som hadde heimel på Svenskerud, og han skjøta da garden til sonen Hans Svendsen for 200 rd. Den eldre bror Rasmus Svendsen fråskreiv seg med det same åsetesretten til garden. Svenskerud var elles fleire gonger på handel i denne tid, og i 1801 var det dragon Peder Larsen Hammer som gav skjøte på bruket til Knut Christensen Hofslie for kjøpesum 599 rd.

Same året. altså i 1801, kom påbodet om folketelling, og det budde da 1 familie i Hauklien og 1 familie på Svenskerud. Dei var: I Hauklien: 1. Lars Olsen, husbonden, 63 år, 2. Rønnaug Olsdr., kona hans, 3. Ole Larsen, son deres, 23 år, 4. Lars Larsen, son deres, 20 år, 5. Jacob Larsen, son deres, 15 år, 6. Ingebor Engebretsdtr., tenestkvinne, 17 år, 7. Anne Olsdr., mor til kona, føderådskone, 77 år, 8. Inga Olsdr., ”Indlegs Lem”, 77 år, 9. Kjersti Olsdr., ”gaaer i Dagleie”, 63 år. – På Svenskerud: 1. Knud Christensen, husbonden, 35 år, 2. Guri Larsdr., kona hans, 39 år, 3. Lars Knudsen, son deres, 6 år, 4. Martha, dotter deres, 4 år, 5. Christen, son deres, 1 år, 6. Ingebor Olsdr., føderådskone, 55 år, 7. Halvor Hansen, son til Ingebor.

Same året skjøta og Lars Olsen grd. Hauklien av skyld 4 ½ skinn over til sonen Ole Larsen for kjøpesum 500 rd. + føderåd til foreldra.

År 1804 var Svenskerud atter på handel, og Knut Christensen gav da skjøte til Christen Christensen Myhren på ”Høchlien eller Svenskerud, av skyld 1 ½ skind” for 650 rd. Men heller ikkje Christen Christensen hadde Svenskerud meir enn i 3 år. Da gjorde han i 1807 den handel med Ole Larsen Høklien at han også skulle overta Hauklien av skyld 1 ½ skinn. også kalla Svenskerud, for kjøpesum 540 rd. + før heftende føderåd. dermed var altså Hauklien av skyld 6 skinn atter samla på ei hand.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1819. der er det om Hauklien med Svenskerud fortalt at buskapen av store husdyr da var 2 hester og 16 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 40 tønner.

Ved matrikuleringa i 1838 vart den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut i ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. ”Høglien med Stræte Engeland” fekk da som ny matrikkelskyld: 5 skylddalar 15 skilling, og det var framleis Ole Larsen som var eigar og brukar av garden.

Ole Larsen f. 1777, som hadde samla garden Hauklien att, var gift med Sigrid Larsdr. Rusten f. 1776, og dei fekk i 1804 dottera Rønnaug, som i 1823 gifta seg med Ole Larsen østre Ballishoel. Mange år seinare gav så i 1846 svigerfaren Ole Larsen skjøte til svigersonen Ole Larsen på grd. Hauklien framleis av skyld 5 dalar 15 skilling for kjøpesum 800 spd. + føderåd. – Ole Larsen Ballishoel var så eigar og brukar av Hauklien til i 1851, da han skjøta garden vidare til sonen sin Ole Olsen Ballishoel for kjøpesum 800 spd. og føderåd taksert til 250 spd. Den nye eigaren hadde truleg elles kjøpt garden for snart etter å selja han att, og den. 19. mars 1852 gav han så skjøte til brørne Ole og Nils Snagholshagen for kjøpesum 1300 spd. + det medføljande føderåd.

Brørne Ole og Nils Snagholshagen, eller Ole og Nils Hauklien, som dei snart vart kalla, brukte garden saman til i 1864. Da hadde dei skyldsetting og delte slik at Nils overtok Hauklien sør og Ole Hauklien nordre.

I samband med folke- og jordbrukstellingaen i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Haukligardane fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var: Hos Nils på søre Hauklien ca. 118 mål, og av dette var 31 mål jord av 1. klasse, hos Ole på nordre Hauklien var da dei tilsvarande tal: 109 mål og 35 mål. Etter endre kjelder er det samtidig opplyst der var da husdyrtalet: 1 hest, 9 storfe og 16 småfe, medan det på Hauklien søre var: 1 hest, 7 storfe og 13 småfe. Dei to gardane var som ein ser av så å seia same storleik. Ved ei skylddelingsforretning i Hauklien i 1883 vart matrikkelskylda på nordre Hauklien sett til 2 dalar 2 ort 2 skill., medan matr. skylda på søre Hauklien vart sett til 2 dalar 2 ort 20 skilling. – To år seinare gav i 1885 Ole Amundsen Hauklien skjøte til Andreas Olsen Høglie for kjøpesum kr. 3200,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1250,-. Ved dei tider vart og parsellen Strætsslåtten seld til Iver Jensen Gruven.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre, og slik at det var 100 øre i 1 mark. Hauklien i Fåberg fekk da gardsnummer 127 av samla matr. skyld 9,03 mark, og det var altså da 3 bruksnummer under gardsnr. 127 Hauklien. Det var: Grn. 127, brn. 1 Hauklien nordre av skyld 4,51 mark, og som Ole Amundsen nok hadde; brn. 2 Strætsslåtten m.m., skyld 0,24 mark, som Iver Jensen Gruven var eigar av; brn. 3 Hauklien søndre, skyld 4,28 mark, som Nils Amundsen Hauklien framleis var eigar og brukar av.

Fire år seinare gav i 1890 Nils Amundsen på Hauklien søre skjøte til son sin Peder Nilsen for kjøpesum kr. 3200,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1200,-. I samband med denne handelen lånte kjøparen Peder Hauklien 1700 kr. av søstrene sine, Karen og Kristine, mot pant i garden.

Ved ei skylddelingsforretning i 1911 vart vidare ein parsell brn. 4 Søndre Haukliens sæterlørkke med Myrlørkken av skyld 0,10 mark unnasett garden. Av handlar i seinare tid tek vi elles med at i 1916 overtok Ingeborg Hauklien garden etter svigarfaren Andreas Hauklien, og i 1921 kjøpte Kristian Hauklien grn. 127 brn. 5 Svenskerud av skyld 0,20 mark. Vidare skjøta i 1923 foreldra Per og Nilla brn. 2 Hauklien søre til sonen Nils Hauklien.

Etter dette var det ved jordbrukstellinga i 1939 fem bruksnummer under gardsr. 127. Av dei var det 3 bruk som hadde eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 127, brn. 1,4 Hauklien nordre med eit jordbruksareal på ca. 65 mål, som Ingeborg Høglie da var eigar og brukar av, b. Grn. 127, brn. 2 Hauklien søre, jordbruksareal ca. 72 mål, eigar og brukar Nils Hauklien, c. Grn. 127, brn. 5 Svenskerud, jordbruksareal ca. 10 mål, eigar og brukar: Kristian Hauklien.

Vidare let vi her Nils Hauklien ut frå sitt nære kjennskap til Haukligardane fortelja især om og frå søre Hauklien: ”Garden ligger på ca. 350 m. over havet. – Utslåtter finnes ikke nå, men far fortalte at i gamle dager var et nokså stort areal – Innleggingen – slåttemark.

Nytt uthus ble bygd i 1955. De andre husa på garden er visstnok svært gamle. – Av gamle ting kan nevnes ei stueklokke med årstallet 1842 C.C.S., altså ei Stræteklokke.

I skogen opp for garden er det merker etter flere dyregraver, og på jorden er det merke etter kullbrenning på to steder. På det ene stedet var jeg med far som nattevakt ved kullmilen ca. år 1908. ”Svenningen” kalles en plass oppe i skogen. Der er ei gammel hustuft.

Far fortalte en gang om en tidligere eier av garden at han kjøpte en voll syd for Jørstadmoen. Den stod da under flomvann. Da han kom hjem, sa han til mor si: ”I dag har jeg lagt 800 daler i bløtt, mor, men de tørker vel att.” Vollen er senere blitt unnasolgt.

Det jeg kan huske om korn og mel fra ca. 1900, er at jeg så på far tørket korn på trystu og mol det på bekkekvern ved ”Sagåa”. Dette arbeidet ble visst utført i flomperioder. Den som mol måtte passe kverna både dag og natt. – På den tiden ble det som regel slaktet 2 griser og 1 ku eller ungnaut, som ble saltet ned og hengt opp til spekemat. I 1960 bruker vi helst mindre lager og legger kjøtt og flesk i hjemmefryser.

Kostholdet fra 1900 har forandret seg mye. Vassgraut og mjølk var dagligdags kost som ble servert i trefat. En del treskjeer og hornskjeer var i bruk. I sætertiden var det vanlig å syre mjølk i trebutter for å ha det til sommerbruk. Om våren ble det bakt mye flatbrød av både bygg og erter. Lågåsild var gjevt den gang som nå.

Lindyrking hørte til. Her finnes ennå hekler etter det. Av det fineste ble det vevd duker, håndklær o. l., mens strien ble brukt til skjorter. Jeg husker far fortalte om første striskjorta si: ”Huff, hvor hard den var! Jeg ranga ho av meg og trekte ho mjuk på en ospelegg borte i jordet,” sa han.

Min bestefar Nils dreide og laga rokker og forskjellige andre ting. Min bestefar Nils Amundsen var født i Snagholshagen i Rudsbygd og gift med Mari Simenrud, også fra Rudsbygd. De hadde 5 barn: Per, Anton, Karen, Kristine og Eli. Brørne Nils og Ole Amundsen kjøpte garden Hauklien og drev den sammen, men delte den senere. Nils fikk søre Hauklien. Min far Per overtok garden i 1889. Han giftet seg samme år med Nille Roland f. 1869. De ble begge svært gamle, han ble 95 og hun 92 år. De hadde 5 barn: Marie, Nils, Kristian, Klara og Erik. I 1922 overtok jeg gården, og driver den fremdeles. I 1932 ble jeg gift med Aslaug Hong fra Tretten f. 1902 av foreldre Martinus Amundsen Hong f. 1864 og randine Eliasdtr. Skyberg f. 1867. De hadde 4 barn: Østine, Kjellfrid, Elise, Aslaug.

Vi har 4 barn: Per f. 1933, Martinus f. 1936, Randi f. 1938, Aud f. 1942. Min mor Nille Roland er født på Roland av foreldre Nils og Karine Roland. Nils var fra gården Klosboding på Nes på Romerike. Karine var også fra Nes, og datter til en lærer og kirkesanger.”